



Stengt-plakaten kunne tas ned att etter eit kvarter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnherad Energi har hatt eit svare strev det siste døgnet med å halda straumforsyninga oppe til alle delar av kommunen. Det har vore problem nærsagt overalt. Men det meste av Uskedalen har sluppe relativt lett i frå det – med to stutte straumbrot. Eik er eit unnatak.

Det første var eit 20 minuttar langt brot mellom klokka 16.30 og 17 fredag ettermiddag og det andre eit halvtimelangt brot frå 8.45 til 9.15 laurdag morgon.

- Men på Eik måtte vi klare oss med telys og lommelykt fredagskvelden. Fyrst etter at motorsaga vart teke i bruk fekk vi att straumen rundt midnatt, fortel Anita Enæs til uskedalen.no.

Sjølv om det var storm i kasta verkar det ikkje som om det har vorte skadar av større format i Uskedalen med unnatak av at lause gjenstandar har fått ny



SPAR-reklame på ville vegar... (Foto: Ola Matti Mathisen)

adresse. Eit postkassestativ i Geilo har fått taket letta av og lausfotreklaamen til SPAR har havna bortpå jordet.

SPAR vart også ramme av straumbrotet laurdag morgon og måtte opp med stengt-plakat då dei skulle opna klokka ni. Men lukkelegvis kom straumen att kvart over ni og ingen kundar vart skuffa.

Av Ola Matti Mathisen



Eit postkassestativ i Geilo mista taket i stormkasta. (Foto: Ola Matti Mathisen)